



HORNINDAL KOMMUNE

ORDFØRAREN

Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref.
13/618-11/144 / /SOLO

Dykkar ref.

Dato:
19.02.2016

Søknad om forskotering til fullføring av reguleringsplan fv 60 Tomasgard-Røyhus bru

Kommunedelplan for Fv 60 Tomasgard – Røyhus bru vart godkjend i Hornindal kommunestyre 18.10.2012, og i Stranda kommunestyre 02.04.2014. Hornindal og Stranda kommunar samarbeider no om å fullføre planarbeidet, og heile strekninga skal inngå i ein felles reguleringsplan der kommunane eigengodkjenner «sine» respektive strekningar.

Statens vegvesen Region vest og Hornindal kommune gjennomførde oppstartsmøte den 11.09.2013 og Statens vegvesen Region vest varsla oppstart av reguleringsarbeidet for strekninga Tomasgard-Møre grense den 23.09.2013, jfr. vedlegg.

Grunna omprioritering i handlingsprogrammet for RTP 2014-2017 varsla Statens vegvesen Region vest på møte i Hornindal den 20.02.2014 at reguleringsarbeidet vert utsett inntil vidare. I dette møtet varsla Hornindal kommune at det kan bli aktuelt å be fylkeskommunen om å få forskottere planarbeidet.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane hadde møte i Hornindal og var samtidig på synfaring av Fv 60 den 18.08.14. Statens vegvesen har lagt til grunn eit restbehov på 2,2 mill. for å fullføre reguleringsplanen.

Etter at Samferdselsutvalet i Møre og Romsdal den 02.09.14 vedtok å invitere Sogn og Fjordane fylkeskommune til eit samarbeid, tok Hornindal kommune i brev av 15.09.14 opp behovet for å fullføre reguleringsplanen og signaliserte vilje til forskotering av planarbeidet.

I brev av 24.09.14 skriv Sogn og Fjordane fylkeskommune: « Dersom kommunen ønskjer ei endeleg avklaring i fylkestinget på spørsmålet om forskottering, må kommunen sende inn ein formell søknad om slik forskottering med kostnadsoverslag for arbeidet».

I langtidsprogrammet 2014-2023 for planlegging av fylkesvegprosjekt i Sogn og Fjordane, ligg Fv60 Tomasgard-Møre grense inne i perioden 2017-2023, og stettar dermed pkt. 1b i retningslinjene for forskottering. Hornindal kommune er også kjend med det som står om refusjon i pkt. 1f.

Ein syner vidare til kostnadsoverslaget frå Statens vegvesen. Det er også eit felles ynskje både i Hornindal kommune og i Stranda kommune at ein no kan få fullført reguleringsplanen.

Postadresse	Telefon	Bankgiro	Org. nr.	E-post
Postboks 24 6761 Hornindal	57 87 98 00	3820.07.00144	835 095 762	post@hornindal.kommune.no

Hornindal kommune søker med dette Sogn og Fjordane fylkeskommune om å kunne forskottere 2 mill. av planleggingskostnadane for den delen av FV 60 som ligg i Hornindal kommune i ein felles reguleringsplan på strekninga FV 60 Tomasgard-Røyarhus bru.

Med helsing

Stig Olav Lødemel
Ordførar